

Norges Bondelag 1896 - 1996

Brynjulv Gjerdåker:
Bygdesamfunn i omveltning
1945 - 1996

Bondelagets historie bind !!.

Oppgjer

For vi ser vidare på korleis organisasjonen vart bygd og fagpolitikken utvikla og driven framover, skal vi ta for oss ei hastesak bondelagsleiinga så å seia hadde liggjande på bordet då den nye kvardagen tok til i mai 1945: Oppgjeret i eigne rekker med krigsfortida, slik andre fagorganisasjonar også hadde sine interne oppgjer.³⁶

Svikt

Fredsslutninga 8. mai 1945 loyste ut ei flodbølge av glede i det norske folket i bygd og by. Den skepsis, frykt og sakn som ufreden avla, vart avløyst av frydefullt fellesskap og festrus.

Men denne samkjensla våren og sommaren 1945 inkluderte ikkje alle nordmenn. Som alltid etter ein krig, kom spørsmålet om illojalitet, svikt og svik opp. Det var ikkje alle som heldt mål i dei vanskelege tidene. Både bymenn og bonder, menn og kvinner vart stilte til ansvar for misgjerningar og feilsteg under okkupasjonen.

Under og etter krigen vart det sagt at dei brotne kvistane var fleire i bondeskogen enn elles i samfunnet. Med rette er denne påstanden avvist som ein grunnlaus myte.³⁷ Andre stender eller yrkesgrupper kom skeivare ut om vi ser på medlemstal i NS og – for bondene sin del – Norges Bondesamband. Likevel – som Ronald Fangen sa det: Det var også mange bønder, «tragisk mange».³⁸

Tabula rasa i Bondelaget

Norges Bondelag tok eit kraftig oppgjer med krigsfortida sommaren 1945. Sentralt vart gamle kostar i stab og styringsorgan skifte ut med nye. Bondesambandet vart sjølv sagt kriminalisert. Men det høyrde også med i biletet at det gamle regimet motte ei kald skulder.

Dette råka sjølv sagt ikkje alle like sterkt. Den tidlegare leiarduoen Mellbye og Dietrichson vart ikkje aktivt skuva ut. Som nemnt sto dei like sterkt som før ute i bondeflokken. Forhandlingsstrevet med NS i vinterhalvåret 1940–1941 hadde ikkje svekt den gamle hovdingen i medlemers omdømme. Men

Heile sentrale tillitsmenn med posisjonar i offentleg teneste fekk oppmoding om å seia frå seg attval til landsstyret. Dette initiativet hang klårt saman med det tendensskiftet som Dietrichson hadde sine problem med å tolka. Tok ikkje dei tilskrivne dette rådet til følge, måtte representantskapsmotet 24.6.1945 heilt ut bera ansvaret for valet som det vart sagt.³⁹ Berre ein av dei dette gjaldt, kom med i det nye landsstyret. Det var den gamle nestleiarer Nils Trædal. Han vart vald inn i det første Stortinget etter krigen og gav opp styringsverv i Bondelaget året etter, i 1946.

Måten Bondelaget var gjenreist på fredssommaren, var såleis eit uttrykk for at heile bordet skulle ryddast. Fleirtalet i leiarsjiktet gjennomførte ein New Deal, så å seia.

Granskingskomiteen

Landsstyret gjorde dette vedtaket i møte 25. mai 1945:⁴⁰ «De som etter 8. april 1940 har vært medlem eller har søkt å bli medlem av NS (...) eller (...) av Norges Bondesamband, og de som under krigen har vist dårlig nasjonal holdning, har ikke adgang til møtene og kan ikke bli medlem av Bondelaget.»

Med dei som hadde vore organiserte på feil side, var saka dermed klar. Dei måtte i karantene og hadde ingen plass i laget med det første.⁴¹ Men dei andre som hadde svikta på noko vis, som hadde late seg bruka av fienden, kva med dei? Kva var «dårleg nasjonal haldning»? Nokre av dei som kom i søkelyset, sat med verv i krinslaga då Bondelaget la ned verksemda på ettervinteren i 1941, andre søkte opptak som nye medlemmer i sine lokallag. Desse-gruppene måtte leiinga ta stilling til under reorganiseringa av laget.

I det omtala landsstyremøtet 25. mai 1945 sette laget ned ei tremanns nemnd – heretter *granskingskomiteen*⁴² – til å ta hand om dette problemet. Dei rettingslinene komiteen kom fram til, vart godkjende i arbeidsutval og landsstyre i Norges Bondelag seinare på sommaren.⁴³ Linene kan myntast ut i to prinsipp:

For det første: Kven skulle stå for vurderinga, dvs. på kva geografisk nivå i organisasjonen skulle «silen» plasserast? Granskingskomiteen kom til at rette ståplass var ein kombinasjon av det lokale og det regionale nivået: Når krinsmennene for omkring og verva, skulle dei gå forbi alle dei vurderte som ukvalifiserte etter landsstyrevedtaket. Om «unasjonale» personar sjolve søkte medlemskap, skulle dei nektast inngang. Dei som såleis vart haldne utafor, skulle kunna anka avslaget inn for ei *fylkesgranskingsnemnd*. Denne tremannsnemnda – som skulle bestå av den fylkesvalde landsstyremedlemen og to andre medlemmer valde av krinsformennene i kvart fylke – tok avgjerder i klagesaker. Dei som fekk avslag på klage her, kunne anka avgjerda inn for landsstyret i Bondelaget.⁴⁴

Såleis planla laget eit apparat for det indre oppgjeret som samsvara – tilsikta eller ikkje – med nivåa i det offentlege rettssystemet.

Når granskingskomiteen kom til at det måtte vera rettast at bondelagsfolk på lokal- og fylkesnivåa sto for denne vurderinga, var det fordi dei kjende – eller best kunne gjera seg kjende med – dei personane det galdt, og dei miljøa desse levde i og var integrerte i.

Men sjolv om fylkesgranskingsnemnder skulle opprettast, etter granskingskomiteen sitt styregodkjende vedtak, skjedde det ikkje overalt. Dei fleste fylke hadde truleg eit slikt organ, men ikkje alle. I Østfold, Telemark, Vest-Agder, More og Romsdal og Troms vart det sett ned granskingsnemnder. Det verkar også som om desse var aktive.⁴⁵ Men i Trøndelagsfylka, Oppland og Hedmark vart vedtaket om oppretting av slike nemnder ikkje sett ut i livet.⁴⁶ Vedtaket hadde såleis ikkje diktats kraft overfor lokal- og krinsstyra. Det var truleg vanskeleg å gjennomføra i breibygdområde der relativt mange storbønder hadde vore organiserte på «feil» side.

For det andre: Kva for silingskriterium skulle nyttast? Skulle det finnast opning for absolusjon?

Granskingskomiteen meinte at det skulle gå an for den einskilde som var stansa i porten, å få tilgjenge på visse vilkår. Ein kom til at dei som hadde vist «dårleg nasjonal haldning» på grunn av manglande evne eller villfaring, eller på eit feilaktig grunnlag, skulle kunna få si sak opp- og avgjort med fylkingsgranskingsnemnda og takast opp som medlem i laget. Ein skjelm kunne gjerast urett, og det var viktig at uretten vart så liten som råd. Som det vart sagt i rettleiinga til fylkesgranskingsnemndene, skulle det vera høve til å vurdere kvart enkelt tilfelle. «Det blir 'miljøbedømmelse', om man så kan si.»⁴⁷

Skulle ein ta inn att tidlegare eller nye medlemmer som hadde vist «dårleg» nasjonal haldning under krigen, var det først og fremst ei sak for krinsmenn og lokallag, med heimel i lagslovene pgf. 3. Anker og klager skulle behandlast på fylkesplanet. Der slike fylkesorgan mangla, vart det heilt opp til lokallaga å ta stilling til kor stor svikten var, og om det skulle opnast for medlemskap alt ifrå sommaren 1945 av. Såleis måtte det bli ulik praksis lag og fylke imellom.

At det faktisk var lokallagsstyret som skulle avgjera slike søknader⁴⁸ etter at tida med granskingskomité og -nemnder var omme,⁴⁹ var ukjent for ein del tillitsmenn, også einskilde krinsmenn. Fleire brev til Norges Bondelag viser dette. På den andre sida skjedde det truleg like ofte at ånd og bokstav i styrevedtaket 25.5.1945 vart ignorerte, slik at til og med tidlegare NS-medlemmer kom for tidleg inn att i lokallaga «i det stille», etter at dei hadde betalt bota («inndraginga») som retten hadde dømt dei til. Denne lempelege måten å ta oppgjeret på fekk moralsk støtte frå fleire hald.⁵⁰ Bladet «Østlendingen» meinte at mange «skikkelige» bondesambandsmedlemers synder var så små at dei burde falla utafor oppgjeret. Slik tyktest rammene for dei indre oppgjera i

andre organisasjonar og det offentlege rettsoppgjeret å bli utover hausten i fredsåret.⁵¹

Ettersom lokallaga hadde så stor innverknad på dette feltet, gjorde Bondelaget det uttrykkeleg kor viktig det var at ein tok alvorleg på oppgjeret. Som det også vart sagt: Bønder stiller strengare nasjonale krav til seg sjolve enn andre som kan ha gått lempelegare fram med sine. Myten om at bondene var den mjukaste lekken i motstandskjeda, skulle ikkje få næring ved måten det indre oppgjeret vart handtert på.⁵²

Granskingskomiteen sitt mandat gjekk ut 1.9.1947: Alle klager skulle vera reiste innan den dato.⁵³ I praksis fungerte derimot (ein del av) komiteen som konsulentinstans for Bondelaget til formell sluttstrek vart sett for det indre oppgjeret først 4–5 år etter mandatutløpet.

Suspensjonstida

Komiteen var ikkje berre eit utgreiingsorgan. Han staka rett nok ut leia som andre tillitsmenn og -organ skulle følgja i oppgjeret etter krigen, men var også sjølv vurderings- og eksekutivorgan i slike saker. Under oppstarten fredsommaren, før granskingsnemnder var oppnemnde på fylkesnivået, var det kort og godt denne komiteen som tok hand om slike saker.

Det var lenge uvisse om kor lang suspensjonsperioden skulle vera, og når det drog så ut før sluttstrek vart sett for det indre oppgjeret, må ein sjå dette i samanheng med arbeidet i *produksjonsrådskomiteen* og innstillinga derifrå:

Det norske produksjonsråd sette i 1946 ned ein komité for å behandla spørsmålet om kva forhold landssvikarar hadde hatt til organisasjonane i næringslivet, slik det er uttrykt i mandatet 28.8.1946. Komiteen hadde medlemmer frå ulike greiner av næringslivet, med Håkon Skibsrud frå Norges Bondelag som den eine av i alt åtte.

Komiteen tok opp problem i samband med at tidlegare «unasjonale» vart tekne inn att både i arbeidslivet og i foreiningslivet. Ein meinte at det burde leggjast ein strengare målestokk til grunn for tilbakevending til foreiningslivet enn til arbeidslivet. I innstilling 28.4.1947 hevda komiteen som sitt syn at «utilbørlig ervervsvirksomhet for fienden, medvirkning til nazifisering av vedkommende forening eller bransje, uteskende og ukollegial oppførsel eller unnlatelse av å følge klare paroler i okkupasjonsårene (...) må bedømmes strengt» (uth. i innst.). Komiteen ønskte ikkje at ventetida før ein vart teken inn att i foreiningslivet vart for kort, og åtvara mot for sterk velvilje til gå god for nasjonal haldning under krigen.⁵⁴

Når lokale tillitsmenn stilte spørsmål omkring suspensjon, og når suspenderte bønder sjolve bar fram sine klager, vart det vist til den kommande inn-

stillinga frå produksjonsrådskomiteen. Bondelagsårsmotet på Lillehammer 22. juni 1947 slo fast reglar i pakt med denne: Ventetida sjølv for tidlegare *passive* medlemmer i NS burde ikkje setjast for kort. For stor velvilje overfor denne gruppa kunne gjerne føra til at fleire andre vende laget ryggen. Komiteen hadde forståing for at det ofte kunne verka ubehageleg å ha ein person til stades som hadde vist dårleg nasjonal haldning under okkupasjonen.

Årsmotet slutta opp om dei retningslinjer som kunne lesast ut av tilrådinga frå den same komiteen, der det uttrykkeleg heiter at dei som under krigen hadde «förgått» seg «for et tidsrom av minst 10 år som regel (forf. uth.) ikke velges til tillitsverv» i laget.⁵⁵ Eit skriv frå utgangen av 1947, som leiinga i Bondelaget tok avstand frå, gjekk ut frå Akershus fylkeslag til lokallaga. Her heiter det mellom anna at tidl. NS-medlemmer som har fått medlemskap i sitt lokallag, *ikkje må få tillitsverv* (forf. uth.). Dette skrivet vart kjent utafor Akershus. Såleis hadde Oppland fylkeslag ein tilsvarande passus med i si orientering dagsett 30.10.1947 om saka til sine lokallag. Dette skapte mishag blant bønder som var i søkelyset for suspensjon, og det var opphav til brevveksling for å få avklart gjeninntaks- eller opptaksvilkår.

«Amnesti»

Det vart lagt eit visst press på gamle og nye leiingar i Bondelaget for å få avslutta karantenetida. Den gamle leiarduoen, Mellbye og Dietrichson, merka tydelegvis dette. Ved utgangen av mai 1949, om lag fire år etter fredsslutninga, sende dei to eit brev til Bondelaget der dei bad om eit allment amnesti til alle som hadde falle igjennom i det interne oppgjeret. Tida var inne, meinte dei to, ettersom «de fleste» landssviksakene var avgjorde.⁵⁶

Bondelaget svara til dette at laget følgde dei same retningslinjer som dei andre store næringsorganisasjonane som var tilknytte Produksjonsrådet, og gjorde ikkje noko nytt vedtak i saka.⁵⁷

Spørsmålet om amnesti var oppe til styrebehandling i Bondelaget 14.12.1949. Styret var samstemmig om at før femårsfristen var gått ut, var tida ikkje mogen.⁵⁸ Ei oppmoding frå Hedmark Bondelag om å endra tidlegare prinsippvedtak og overlata det fullt ut til lokallaga å avgjera kven som skulle takast inn som medlemmer, endra ikkje denne haldninga.⁵⁹ Saka kom opp på styremøte i Bondelaget den 12.6.1950. No vart det opna for tidlegare passive NS-medlemmer som det ikkje var reist straffesak mot, og for Bondesambands-medlemmer.⁶⁰ Dei som var straffedomde, måtte venta til straffa var sona og forholdet oppgjort.⁶¹

Dette gav «amnesti» til alle tidlegare passive NS-medlemmer. Men endå sto gruppa av aktive, leiande NS-medlemmer utafor.

Sluttstrek

I dag er det vanskeleg eller uråd å få eit brukbart oversyn over talet på klager. Men i bygder der NS-oppslutninga var etter måten stor, i flat- og storgardsbygder som Beitstad i Nord-Trøndelag,⁶² og Romedal og Nes på Hedemarken, var misnøya påtakeleg. I dei to hedemarksbygdene vart fylkessekretæren invitert til fleire «harde» møte med tidlegare NS-sympatisørar og -medlemmer i åra rundt 1950 for å drøfta vilkår for å få tilbake medlemskap i Bondelaget.⁶³ Eit innlegg i avisa «8. mai» den 20. september 1952 fortel sitt om dette: Skribenten viste til at tidlegare bondesambandsmedlemmer hadde fått rettsvedtak for at dei (fag-)politiske forholda deira under krigen hadde vore juridisk uklarderlege.⁶⁴ Han syntes det var urimeleg at Bondelaget ikkje tok sjølvkritikk på nokre premissar for utestenging, slik desse premissane vart formulerte i 1945 og 1947. I det same lesarinnlegget vart det appellert til «utstøtte» om å slutta opp om «Norsk jord», ein ny bondeorganisasjon som var i kjomda.

«Norsk jord» var ikkje liv laga. Ei viktig, men neppe avgjerande årsak til det var at Bondelaget no fann at tida var inne til forsoning. Steinkjer-årsmøtet i 1951 tok opp saka, og det såkalla «Steinkjervedtaket» seier mellom anna dette om bondeorganisering og oppslutning om Bondelaget: «En mannjamm oppslutning om landbrukets organisasjoner er derfor en nødvendig forutsetning for å fremme og verne bygdefolkets berettigede interesser. Årsmøtet slår fast dette, og vil rette en inntrengende henstilling til alle som driver jord- og skogbruk om å slutte opp om Norges Bondelag og de økonomiske organisasjoner.»

Formannen i Norges Bondelag, Ole Rømer Sandberg, tolka dette som ei oppfordring til alle partar om å ta fatt på nytt grunnlag. Dette fekk han styregodkjenning på i vedtak 14.1.1953, og dermed hadde laget sentralt sagt sitt siste ord i denne saka.⁶⁵

Sluttmerknader

Det indre oppgjeret med NS-tida var prega av vilje til å ta ei fast og pliktskuldig hand om denne oppgåva i Bondelaget. Oppgåva var vanskeleg og kjenslsladd for dette laget liksom for andre fagorganisasjonar som tok tilsvarande oppgjer med si krigsfortid. Laget ville derfor ikkje ha nokon unødig diskusjon omkring saka.⁶⁶ Ikkje minst må den svært ulike rettsoppfatninga og røyndomsforståinga knytt til NS og samarbeid/motstand under krigen i norske bygder ha vore problematisk. Særleg i Austlands-området var skilnaden stor bygder imellom. I nokre bygdelag var NS-sympati utbreidd, i fleire eit vanærande avvik. I nokre bygder var den politiske polariseringa sterk – med NS-folk på ei floy og kommunistar på ei anna. Her merka ein politisk øsing og moralsk forarging sterkast.

Granskingskomiteen må ha hatt dette for auga då han gjekk inn for «miljøbedømmelse» og overlet til særskilde nemnder på fylkesnivået å ta vurderingsansvaret. Vi har sett at dette ansvaret fall på lokale tillitsmenn i fleire fylke – i skjønsmessig samsvar med dei retningsliner som kom frå sentralt hald i organisasjonen. Slik «lokalmiljøbedømmelse» var nok ikkje intensjonen til granskingskomiteen. Det er mykje som tyder på at dette skapte grunnlag for ein lempelegare praksis enn det vedtaka i Norges Bondelag la opp til. Ei bondekvinneerfaring frå Agder fortel sitt om korleis vonde krigsminne kunne tonast ned og sunt samkvem etablerast på nytt: Ei grannekone hadde vore «ufin» i krigsåra, og fellesskapen ved vaskeplassen ved bekken som rann mellom gardane, vart umogeleg så lenge ufreden varte. Då freden kom, tok kona motet til seg, gjekk til vaskeplassen og bad om at alt måtte vera som før. «Så lettvtint var det. Vi lærte av henne.»⁶⁷

Svært mange meiner i dag at viljen til forsoning var eit positivt trekk ved oppgjeret. Det var på lokalnivået ein hadde best føresetnad for å fjerna vondt blod og leggja fortida bak seg. I tette og gjennomsikttige bygdesamfunn gjorde dei snart den røynsla at det var vanskeleg, eller uråd å skuva berre einskilte ut av fellesskapen. Kvar skuldig fekk mange fleire medlidande blant uskuldige. Derfor vurderte ein snart omsynet til ro omkring dette stridsspørsmålet og utjamning av motsetnadene som viktigare enn dei allmennpreventive verkna-dene av suspensjon. I tillegg kom den kjensgjerninga at nokre av dei som hadde late seg verva som medlemmer i Bondesambandet, eller også i NS, fleire stader var blant dei dyktigaste bondene i bygda.⁶⁸ I nokre breibygdområde vart problemet faktisk endevendt: I lokallagsleiingane viste ein vilje til å leggja bort prinsippa og få oppgjeret avvikla for dei sentrale lagsorgana ønskte det, medan bønder som yart utestengde i første omgang, var uforsonlege!

Etterveene etter krigstida var over i Bondelaget – på vedtaksplanet – 7 ½ år etter fredsslutninga. Men bitre kjensler hos mange av dei som var objekt for gransking og karantene, sat i lenge etter dette. Dette galdt særleg personar som hadde hatt leiande posisjonar i organisasjon og bygdeliv, og som på grunn av fallhogda knytte større personleg prestisje til suspensjonen enn andre.

son – referat frå landsstyremøtet 26.7.1945. Dietrichson hadde utan tvil rett. Men korleis det vart «arbeidd», og kva som vart sagt og gjort, er ukjent.

³⁰NBa, Forhandlingsprot. 1938–48, landsstyremøte 26.7.1945

³¹Lorentz Vogt om Røstad i Adresseavisen 14. august 1950

³²Johan E. Mellbyes arkiv, brev frå Dietrichson 22.1.1944

³³Sst., brev frå Dietrichson dat. 19.12.1944

³⁴Ole Rønner Sandberg sen. i Norge

Bondeblad nr. 3/1956, s. 3

³⁵Georg Werner-Hansen (red.) 1956, s. 222

³⁶For LO sin del – sjå Tore Pryser: «Klassen og nasjonen (1935–1946)», Arbeiderbevegelsens historie i Norge b. 4, s. 579ff

³⁷Sjå m.a. brev frå dr. H.K. Sandberg til A. Røstad dat. 26.8.1945 (i A. Røstads arkiv, Eiktunet, Gjøvik), korrespondanse mellom formann Arne Røstad, Norges Bondelag og redaktør Torolf Elster, Arbeiderbladet, om uetterretteleg omtale av norske bønder og NS-tilslutnad under krigen i verket «Krigen 1939–1945», dat. 1., 2. og 11.12.1947, og PM dat. 26.11.1947 frå Oddvar Aresvik om bønders tilslutning til NS (i Norges Bondelags arkiv, boks 709, 709–01 «NS-medlemer. Steinkjervedtaket»). Sjå også b. 1, s. 397 og kommentar i «Norges Bondelag 1896–1956», s. 217. Ei heilt anna sak er at ein del bønder i varierende grad utmytta forsyningssituasjonen ved svarteboerhandel

³⁸Arne Røstads arkiv, Eiktunet, Gjøvik: Brev frå dr. H.K. Sandberg til Arne Røstad dat. 26.8.1945

³⁹NBa, boks 709, 709–01 «NS-medlemer. Steinkjervedtaket»

⁴⁰Dette første landsstyremøtet i NB vart halde samtidig med møtet der Felleskontoret vart skipa

⁴¹Fylkesgranskingsnemnda (sjå nedunder) i Vest-Agder Bondelag uttala i møte 20.1.1946 at alle som hadde vore tilslutta NS under krigen, burde fråtakast retten til NB-medlemskap for «ei rimeleg tid t.d. 5 aar». (NBa, boks 709, 709–01. «NS-medlemer. Steinkjervedtaket»)

⁴²Denne komiteen kom til å bestå av landbrukskand. Håkon Skibsrud, Kjærsmo, Haga, bonde Martin Skatvedt, Østre Aker og bonde Ottar Opsand, Kråkstad

⁴³1. Innstilling frå granskingskomiteen dat. 24.7.1945, (NBa, boks 709, 709–01. «NS-medlemer. Steinkjervedtaket»), b. brev til fylkesvalde medlemer av landsstyret i

Bondelaget frå formannen, dat. 11. september 1945 (A. Røstads arkiv, Eiktunet, Gjøvik)

⁴⁴NBa, Forhandlingsprotokoll 1938–48

Landsstyremøte i Bondelaget 26. juli 1945, sak nr. 8

⁴⁵NBa, boks 709, 709–01. «NS-medlemer. Steinkjervedtaket»

⁴⁶NBa, Forhandlingsprotokoll 1938–48

arbeidsutvalnøte 8.11.45, 10.12. s.a., 8.5.46 og 5.7. s.a. og boks 709, 709–01

«NS-medlemer. Steinkjervedtaket»

Sekretærene i Gauldal og indre Fosen krinsar av Bondelaget i den første etterkrigstida, Per Borten og Alf Nebb (samtalar 29.7.1992), kjenner ikkje til at eit slikt organ fannst i Sør-Trøndelag. I fylkesarkivet finst heller ikkje spor etter ei slik nemnd. Det same galdt Nord-Trøndelag. Korkje tidl. formann i Bondelaget, Johan A. Viken, tidl. krinssekr. og nestformann i sm., Knut Aas eller tidl. sekretær i Nord-Trøndelag fylkeslag av Norges Bondelag, Oddmund Bartnes (samtalar 3.8.1992) kan minnst å ha høyrte om ei fylkesgranskingsnemnd for Nord-Trøndelag.

Likeins i Hedmark: Krinssekretær og – frå 1949 – sekretær i Hedmark fylkeslag av Norges Bondelag, Arne Glad-Iversen (samtalar 3. juli og 2. august 1992), er ikkje kjent med at det fannst ei granskingsnemnd i hans fylke, knapt heller i Oppland. Krinssekretærene Asbjørn Kleiven og Rolv Fritsvold i Toten og Nord-Gudbrandsdal krinsar stadfester dette i samtalar 4. og 5. august 1992

⁴⁷Rettleiing til fylkesgranskingsnemndene 20.11.1945. (NBa, boks 709, 709–01. «NS-medlemer. Steinkjervedtaket»)

⁴⁸Eit av fleire uttrykk for lokallaga sin rett til sjølvstendige standpunkt i personsaker av dette slaget: Styremøte i Norges Bondelag 20.–21.10.1948 vedtok at ein bestemt person ikkje skulle engasjerast som foredragshaldar pga. tvilsam haldning under krigen. Generalsekretæren presiserte i brev til to fylkessekretærar seinare at det ikkje var nokon ting i vegen for at eit lokallag inviterte vedkomande til å halda foredrag. Det var hovudorganisasjonen forbødet galdt. (Brev dat. 14.12.1948 i NBa, boks 709, 709–01. «NS-medlemer. Steinkjervedtaket»)

⁴⁹Nøyaktig tidfesting for arbeidsperioden til dei fylkesgranskingsnemndene som vart nedsette, har det ikkje lukkast å få til.

Granskingskomiteen sitt mandat gjekk ut 1.9.1947

⁵⁰Asbjørn Kleiven, Eina, i samtale 4.9.1992. Knut Aas, Beitstad i samtale 24.8.1992

Ein del mulkterte NS-bonder hadde dårlegare økonomisk evne og kanskje heller ikkje vilje til å gjera opp for seg på same smidige måte. Enkelte førte rettssaker for å få senka inndragingsbeløpet. Slikt avla bitre kjensler og dårlegare grunnlag for (re-) integrering i Bondelaget

⁵¹Leiar i «Østlendingen» 1. november 1945

⁵²1. Norges Bondeblad nr. 5/1946: Artikkel «Bondene og oppgjøret» av Håkon Skibsrud, 2. Intervju med Håkon Skibsrud 3. juni 1992

⁵³Brev til Bondelaget frå Håkon Skibsrud dat. 23.9.1948. (NBa, boks 709, 709-01. «NS-medlemer. Steinkjervedtaket»).

⁵⁴«Betenkning om landssvikerens gjeninntagelse i arbeids- og foreningslivet» avgitt av en komite nedsatt av Det norske produksjonsråd, Oslo 1947. (NBa, boks 709, 709-01. NS-medlemer. Steinkjervedtaket)

⁵⁵1. NBa, boks 709, 709-01. «NS-medlemer. Steinkjervedtaket», 2. Norges Bondelags meldingsblad nr. 1/1948

⁵⁶Brev til Norges Bondelag frå J.E. Mellbye og W. Dietrichson, dat. Grefsheim 31.5.1949. (Arne Rostads arkiv, Eiktunet, Gjøvik).

⁵⁷NBa, styreprotokoll 1948-50, styremøte 15.6. og 14.12.1949, sak nr. 155. I nytt brev 29.7.s.å. ber Mellbye og Dietrichson om eit Bondelags-initiativ overfor produksjonsrådskomiteen, for å få endra gjeldande vedtekter om gjenopptak av tidl. landssvikarar. Dette utspelet førte ikkje til vedtak i Bondelaget

⁵⁸NBa, styreprotokoll 1948-50, styremøte 14.12.1949, sak nr. 155

⁵⁹Sst., styremøte 18.4.1950

Arne Glad-Iversen opplyser (samtale 3. juli 1992) at tidl. NS-medlemer vart haldne ute fram til hausten 1949 i hans fylke. Frå den tid vart alle inviterte på like fot til å bli med i Bondelaget

⁶⁰Fylkesgranskingsnemnda i Møre og Romsdal hadde på si side gjort sjølvstendig vedtak 12.4.1946 om å suspendera ein tidl. bondesambandsmedlem i to år til, dvs. til medio 1948. (NBa, boks 709, 709-01. «NS-medlemer. Steinkjervedtaket»)

⁶¹NBa, «Representantskapsprotokoll» for Norges Bondelag 1951-54

⁶²Samtale med Oddmund Bartnes 3.8.1992.

Han fortel om bitre kjensler som enno i dag ikkje er rydda av vegen i alle tilfelle

⁶³Arne Glad-Iversen, i samtale 3.7.1992

⁶⁴Sjå også brev med vedlegg frå Norges Bondelag til Det norske produksjonsråd dat. 30.6.1950

⁶⁵Ole Romer Sandberg sen. i brev dat. 20.11.1952. (NBa, boks 709, 709-01. «NS-medlemer. Steinkjervedtaket»)

⁶⁶NBa, boks 709, 709-01, «NS-medlemer. Steinkjervedtaket»: Brev til Håkon Skibsrud frå administrasjonen i Norges Bondelag, dat. 6.6.1946

⁶⁷«50 år med Vest-Agder bondekvinneag», Kr.sand 1987, s. 22-23

⁶⁸1. Knut Aas, Beitstad, i samtale 24.8.1992. 2. brev frå Flå bondelag 3.4.1948 (i NBa, boks 709, 709-01, «NS-medlemer. Steinkjervedtaket»)

⁷⁰Til hovudmedlemstalet i 1947 kom 28 003 familiemedlemer, totalt 81 762. Tilsvarende for 1940 var 14 631 og 55 828. (Årsmelding NB 1946-47, s. 7)

⁷¹Årsmelding NB 1948-49, s. 6

⁷²Årsmelding NB 1949-50, s. 91ff

⁷³På landsstyremøtet 5. februar 1946 opplyste formannen at arbeidsutvalet hadde fatta vedtak om å oppretta to distriktssekretærstillinger, ein for Rogaland og Hordaland fylke og ein for Trøndelags-fylka. På dette møtet vart det vedteke at endå fire slike stillingar skulle opprettast. (NBa, forhandlingsprotokoll 1938-48)

⁷⁴Årsmelding NB 1946-47, s. 7

⁷⁵NBa, Forhandlingsprotokoll for styret i Norges Bondelag, styremøte 10. september 1949

⁷⁶Oddmund Bartnes i samtale 24.8.1992

⁷⁷Berge Furre 1991

⁷⁸Arne Rostad, formann i åra 1945-1951, i tale til landsmøtet i 1946: «Vi vant krigen, og vi må også vinne freden. (...) Vi i Norges Bondelag må ikke tilstrebe en organisasjon som er nok i seg selv. Vi må søke samarbeid (...)». (Norges Bondeblad nr. 1/1946)

Hallvard Eika, formann i åra 1955-1966: «Like so vel som det må vera samarbeid innan våre rekkjer, like so vel må det til samarbeid utetter». (Werner-Hansen 1956, s. 10)

⁷⁹«Bygd og bonde. Norges Bondelag 75 år», Oslo 1975, s. 17

⁸⁰NBa, «Bondelagets økonomiske aksjonsutvalg. Utdrag (...)», s. 9

⁸¹Sjå b. 1, s. 290ff og Roald 1977, s. 5